

Nær finaleplass i Norges største jentecup.

07.11.2006



Ida og Kristin i aksjon. (Foto: Silje Bråthun)

**Småjentelaget til Rosendal/Uskedal avslutta søndag ein lang og begivenhetsrik sesong. Etter at dei for fjorten dagar sidan spela innleittande kampar i Åsane Cup, kvalifiserte dei seg for sluttspillet. Dette vart avvikla søndag.**

Jentene spela først kvartfinale mot Eikanger 2. Laget fekk ein kanonstart, og allereie etter 10 sekundars spel fekk dei første nettkjennings. Dermed var ballet i gong, og med einvegskjøring gjennom heile kampen, var det berre eit spørsmål om kor stor sigeren skulle bli. Heile elleve mål vart sett inn før dommaren bles av kampen. Måla vart sett inn av Marte Ingebretsen(3), Linn C. Tveiten(4) og Ida Helle(4). Dermed var laget klart for semifinale.

I semifinalekampen møtte laget AIK/Selbjørn. Denne motstandaren viste seg å vera av ein heilt annan klasse. I tillegg stilte dei med friske og utkvilde bein då dette laget fekk walk over i kvartfinalen. I følgje rapportane utvikla det seg til ein svært jamm, kjekk og spennande kamp mellom dei to gode laga. Trass i god innsats viste målprotokollen til slutt 1-2 -tap. Målscorar i denne kampen var Ida Røssland. Dermed vart det ikkje finaleplass, men innsatsen var god, og dei var så nær, så nær. Det mangla berre eit mål, for ved uavgjort resultat ville Rosendal/Uskedal gått vidare på klart flest cornarar. Sjølv sagt var dei svært godt nøgde med innsatsen sin. Kor god prestasjonen var, får ein først bilde av når ein veit at Åsane Cup er Norges største jentecup. I dei innleidande kampane deltok heile 287 lag frå 67 klubbar.

Lagleiar Jofrid Eik fortel at laget kan sjå tilbake på ein lang og innhaldsrik sesong. Første trening var 5.januar, og gjennom sesongen har laget også gjort det godt både i serien og i andre turneringar. Dei har delteke i Norzinkcup i Odda, Husnes Cup og Norway Cup som var høgdepunktet.

- Både laget og kvar einskild spelar har utvikla seg mykje gjennom sesongen, og hovudgrunnen til dette er at det er ein treningsvillig og lærevillig gjeng, seier Jofrid vidare. – I tillegg fungerer det svært godt sosialt. Det er ekstra kjekt sidan det er første sesongen på laget for dei fleste uskedalsjentene.

Desse jentene fra Uskedalen har vore med på laget: Anette Sandnes, Margareth Sæle, Silje Bråtun, Ingeborg H. Lunde, Monica H. Kårstad og Ida Røssland.

Det ligg mykje arbeid og planlegging bak det gode opplegget laget har hatt denne sesongen. Hovudæra for dette har trenaren Leif Kr. Skåle og lagleiaren Jofrid Eik. Vi får meldt at mange er svært så takksame for den imponerande innsatsen desse to har gjort med laget gjennom sesongen.

Av Thor Inge Døssland

Ps:AIK/Selbjørn vann finalen 3-2.